



Vår dato:

18.11.2021

Vår ref:

2021/10386

Dykkar dato:

28.10.2021

Dykkar ref:

FEDJE SOKN  
Stormarkvegen 49  
5947 FEDJE  
Att. Leif Arne Økland

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Alice Granøe, 33372329

## Uttale - Vestland - Fedje gravplass - utvidelse - forprosjektil forprosjekt for utviding av Bøgardsvika gravplass

Vi viser til e-post datert 28. oktober 2021 som gjeld forprosjekt for utviding av Bøgardsvika gravplass i Fedje kommune, Vestland. Saka er send til Statsforvaltaren for uttale. I saksdokumenta er gravplassen omtalt med fleire namn. På bakgrunn av informasjon frå kyrkjeverje Leif Arne Økland i e-post av 11. september 2021 vil vi nytta «Bøgardsvika gravplass» i den framtidige korrespondansen vår.

### Tiltaket

Gravplassen skal bli utvida mot nord. Utvidinga vil romma gravfelt F med 92 kistegraver og 40 urnegraver. Det skal også bli sett av eit areal til bruk for namna minnelund i framtida. Noverande kyrkjegardsmur vil revet og ein ny steinmur bygd langs den nye grensa til gravplassen mot nord. Mellom eksisterande gravfelt E og nytt felt F skal det vera ein intern gangveg.

I tillegg er det planlagt å fylle på med jord på eksisterande gravfelt E i samband med utvidinga slik at gravene får tilstrekkeleg med jord over. I aust skal ein fjerne skogen som ligg mellom gravplassen og sjøen.

### Statsforvaltarens kommentarar til forprosjektet

Forprosjektet verkar å legga til rette for ein god og tenleg utviding av gravplassen. Vi minner om at dette er ei uttale til forprosjektet og ikkje ein formel godkjenning av utvidinga. Ein godkjenning av utvidinga må skje på bakgrunn av ein ferdig gravplassplan med gravkart. Kommentarane nedanfor er basert på informasjon gitt i vedlagt dokument «*Fedje gravplass, knr 4633 gnr 168 bnr 129 og 488 Forprosjekt for utviding grav- og urnelund*» datert 8 oktober 2021.

### Grunnforhold

På arealet for utvidinga skal det tidlegare vera deponert massar som er eigna for gravlegging etter at dei blir sålda og stein blir fjerna. For urnegravfelt bør stein med diameter større enn 30-40 mm bli fjerna for å gjera det enklare å bruka urnebor. Det skal i tillegg bli tilført nye jordmassar. Ved tilføring av nye jordmassar bør det bli brukt godt eigna massar for nedbryting slik at det kan leggast til rette for gjenbruk av graver.



### Buffersoner

Vi anbefaler normalt at det er ca. 3 meter mellom gjerde og nærmeste grav, og ca. 1 meter mellom intern gangveg og nærmeste grav. Dette er mellom anna for å vareta omsynet til dei med gravar nær gjerde og gangveg. Og dessutan for å sikra tilstrekkeleg plass til mellom anna brøytekant og reparasjon/utbreiingar av gangvegen, samt skapa ei buffersone mot naboskap utanfor gravplassen. Det må òg setjast av tilstrekkeleg med plass til trasé for eventuelle drensrør.

Ut frå teikninga i forprosjekt-dokumentet kan det verka som det er noko liten plass mellom gravrekke og mur i nord, og mellom gangveg og nokon av gravene i sør på felt F. Vurder om det er behov for å legga inn større buffersoner her.

### Minnelund

Det er positivt at det blir sett av areal til minnelund i framtida. Vi erfarer at dette er ein gravleggingsform som det er aukande etterspørsel etter. For å kunna godkjenna minnelunden treng vi detaljerte planar for utforming av minnelunden og minnesmerke. Dette kan gjerast i samband med utvidinga eller på eit seinare tidspunkt som ein eigen søknad.

### Gravfelt E

Ved oppfylling av eit gravfelt i bruk er det viktig å gi god informasjon om prosessen. Festarar og gravansvarlege må bli tilskrive i god tid før start. I tillegg bør det bli gitt informasjon om arbeidet til besökande ved gravplassen. Dette kan til dømes gjerast i ein lokal avis og ved å setja opp eit skilt eller ein plakat på ein sentral stad på gravplassen.

Ifølgje opplysningane som er gitt skal graver og gravminne behalda den noverande plasseringa si og vi føreset derfor at gravkartet ikkje skal bli endra. Vi informerer likevel om at i samband med endring av gravplass kan ei grav berre forskyvast med inntil ein halvgravbredde og ei halv gravlengde utan at det bryt føresetnadene for feste av grav, jf. Gravplassforskrifta § 5 første ledd.

### Fjerning av skog

Skogen som ligg mellom gravplassen og sjøen, skal bli fjerna. Forprosjektet seier ikkje noko om kva som vidare vil skje på dette området. Vegstasjon er ein viktig del av ein gravplass sitt visuelle utsyn og hogging av ein heil skog kan vera eit drastisk inngrep i korleis gravplassen verkar.

Gravplassplanen må beskrive kva som skal skje på arealet, kvifor og kva som skal skje der framover (Skal heile skogen bli flathogd? Skal nokon tre stå igjen? Skal vegetasjonen haldast nede? Skal det plantast ny, annan vegetasjon? osv.).

### Universell utforming

Gravplassen skal ein tilrettelegge etter gjeldande reglar for universell utforming. Gravplassplanen må gjera reie for korleis dette er varetatt (til dømes stigningsforhold, bredde og dekke på gangveg m.m.).

### Helsefagleg myndigheit og behov for særskilt tilrettelagde graver

Ved utviding av ein gravplass skal helsefagleg myndigheit i kommunen bli gitt høve til å uttala seg om gravplassplanane. I tillegg skal behovet for særskilt tilrettelagde graver vurderast, jf. Gravplassforskrifta § 2 andre ledd. I den endelege gravplassplanen må det komma fram om dette er gjort.

### Annet



I forprosjektet s. 7 blir det referert til rundskrivet T-3/200. *Forvaltning av kirke, kirkegård og omgivelsene til kirka som kulturminne og kulturmiljø*. Denne har no vorte erstatta av rundskrivet Q-06/2020 18. desember 2020. *Forvaltning av kirke, gravplass og omgivelsene til kirka som kulturminne og kulturmiljø* ([lenke](#)).

Med helsing

Åse Skrøvset (e.f.)  
fagsjef

Hege Alice Granøe  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Leif Arne Økland